

SULL

innhold CD 1

| | | | |
|---|----|---|----|
| Soso sullar ho meg i frå seg/So sulla ho mor ved rokkjen sin (1) | 8 | Kan'kje du'n (3) | 29 |
| Hanen og høna (2) | 10 | Hippe happe (3) | 30 |
| Rjukan Krukan (3) | 12 | Dei to kråkene (3) | 30 |
| Dei skeivkjefta syskena (2) | 12 | Høna, katten og gåsa som budde i lag (2) | 31 |
| Trøllegutane (3) | 14 | Eg e liten eg (3) | 32 |
| Eg og du sa'n (1) | 15 | Kråkevisa (3) | 32 |
| Kjeringa med staven (2) | 15 | Hanen og reven (2) | 34 |
| Sull lull (2) | 16 | Reven sat i sæte (3) | 35 |
| Mann og kjeringa som var bedne i gjestebod (2) | 19 | På Tutlamoen (3) | 36 |
| Pål sine hønur (2) | 20 | Lindestuven (2) | 36 |
| Eg va liten (1) | 21 | Fjellmannjenta (1) | 39 |
| Dei tri tjønnane i Trøllebotnen (2) | 22 | Fillevernen (4) | 40 |
| Bukken oppå Elias topp (2) | 27 | Lille Måltrost (1) | 41 |
| | | Tre sullar (1) | 42 |

innhold CD 2

| | | | |
|--|----|--------------------------------------|----|
| Fuglen sat på bjørkekvist (2) | 43 | Litol e e og liten er du (3) | 51 |
| Sullaguten gjekk og sulla sine fe (2) | 44 | Sko Blakken (3) | 52 |
| Jomfru Maria gjekk framan strande (2) | 45 | Statt upp / Sulli lulli låte (2) | 52 |
| Lussinotte ho e lange (2) | 46 | Som vinden i varme sol (2) | 55 |
| Hjuringjenta som blei lei (Horre gjorde du av sauene) (2) | 46 | Lengt (2) | 56 |
| På sullarkrakk (2) | 47 | Ola Glomstulen (Å kjære mi) | 57 |
| Jenta på Lauvøy (2) | 48 | Kari gjør pølsa bra feit) (2) | |
| Han fann seg att under Ålandsåsen (2) | 49 | Heimemusi og skogmusi (2) | 58 |
| Jomfru Maria gjekk i skogen (2) | 49 | Tor Baggje (3) | 59 |
| Hei Broselli, hei Broselli (2) | 49 | Ikonn han gjekk på vollen og slo (1) | 61 |
| Bånsullar frå Gudbrandsdalen (1) | 50 | Kjetta sette upp veven sin (1) | 61 |
| | | Me rodde frå Moen te Munkøya (1) | 62 |
| | | Bindevisa (1) | 62 |
| | | Hei og hå kva e klokka no (2) | 64 |
| | | «Sing Lingeling» 2014 | 64 |

Sull er ei Vakkert nemning...

... Sull kan vera det ein kved, med eller utan ord. Det kan òg vera ei nemning på personen ein kved for, gjerne eit lite born. Ein som kved/syng mykje, kan kallast ein sullar. Men det kan òg vera nytta om ein som tar livet litt for lettvent (slik slettes ikkje mange kvedarar gjer). Sull kan riktig nok ha noko av det uhøgtidlege, improvisatoriske i seg. Slik ein kved/syng for nokon ein er trygg på, kan hende til dei som medverkar. Barn er dei beste medverkarar. Slik har vel truleg alle båsullar oppstått. Verdas vakraste kjærleiksongar, seier Sondre Bratland, som veit kva han snakkar om.

I om lag ti år laga eg program for barn mellom 0–3 år. Program som innehadde mange uttrykksformer. Bildande kunst, forteljing, dans, song og musikk. Og det er sullar og songar frå desse programma eg i stor grad har med her på «Sull». Desse prosjekta har eg skrive meir om på www.agnesbuen.no.

Det har vore mykje song og musikk i heimen også, så barn og barnebarn har òg folkemusikk og dans som sine uttrykksformer. Moro og naturleg å ha dei med.

Å lytte er å synge

«Å lytte er å synge (konkret: nynningen som ikke er til å unngå hvis man, i enerom, hører den samme låten tilstrekkelig mange ganger). Som om det skjer når vi hører på sang, er at noe i oss begynner å synge. Noe som ellers er stumt. Vi lytter ikke bare, vi synger, vi også. Å høre er å synge med. Som om sang(er)en fremkaller en annen stemme i oss, en som ellers ikke er tilgjengelig for oss, en vi ikke har tilgang til, som vi ellers ikke klarer å gjøre bruk av. Som om sangen skaper, eller fremkaller, en dobbeltgjenger, vårt syngende alter ego, så å si. Inni hver sang er det en sang. Inni hvert menneske som lytter til musikk, er det en sanger,

som synger med. Og det må være, etter mine ukristelige begreper, det nærmeste vi mennesker kommer en form for nåde». Stig Sæterbakken 2011: *Depress. Block to Block*.

Dette er av det vakraste eg har lese om å synge, eller å kveda. Slik føregår og mykje av den levande kvedartradisjonen.

Vonar «Sull» også kan gi deg lyst til å lyde og sulle, synge og leite i gamle og nye skattekammer.

Agnes Buen Garnås



Soso sullar
ho meg ifrå
seg/so sulla ho
mor ved rokkjen
sin

Soso sullar ho meg ifrå seg, ho sei fe meg fær ho alli rå seg
Fær kje rå seg fe far hell mor, og so take meg som hev alli jord

:/: Å so sulla ho mor med rokkjen sin, og so fann ho ei lus i
sokkjen sin :/:

Og so sulla ho meir og so fann ho fleir, og so sulla ho litt og
so fann ho ei knit

Å hu og so hei, og so fælt som ho bit!

Å so sulla ho mor med rokkjen sin, og so fann ho ei lus i
sokkjen sin

Hanen og høna ⁽²⁾

Ikkje få av eventyra våre får mykje artig ut av å herme etter dyrelydar:

Høna: Du lovar meg sko, år fe år, år fe år, men eg fær ikkje sko.

Hanen: Du ska nok få sko!

Høna: Eg verpar egg, og eg gjer godt, og enda må eg gå her berrføtt.

Hanen: Så tak dine egg, og reis til by'n, og gå ikkje lenger berrføtt!



Rjukan Krukan ⁽³⁾

Rjukan Krukan rende på ski, so rende han rova ta (av)
dottere si

Te lukke so va'n slik ein messingsmed, so han kunne lødde
den rova te

Dei skeivkjefte syskena ⁽²⁾

*Etterlikningshistorie med grimasar, slik den blir fortalt
i Jondalen og Numedal.*

Det var fire sysken som budde på same gard. Det var Gurine,
Gudbrand, Ola og Halvor. Dei hadde ikkje innlagt straum,
berre stearinlys.

Kvar einaste kveld måtte lysa sløkkast. Og dei til å diskutere:
(Den som fortel etterliknar Gudbrand, og pratar frå eine munn-
viken): «Blås ut det lyset, du'a, Gurine», sa Gudbrand.

(Så etterlikne Gurine, og prate og blåse frå andre munn-
viken): «Jaa, je kan'a prøve», sa Gurine (og bles). «Neei. Je
få'kje blåsst ut det lyset, je. Kan du prøve, Ola?», sa Gurine.

(Så etterlikne Ola, og prate og blåse frå eine munnviken):
«Jaa, je kan'a prøve», sa Ola (og bles). «Nei. Je få'kje blåsst
ut detta lyset, je heller. Kan du gjøra det, Halvor?»

(Så etterlikne Halvor, og prate og blåse frå andre munn-
viken): «Ja, je kan'a prøve», sa Halvor. Og han te å blåse:
(Blås, blås, blås). «Neih... Je få'kje blåst ut det lyset, je heller!»

Men så kom det ein nordavind, så fæl, gjennom den
glisne veggen, og bles så hardt at lyset slokna av seg sjølv. Så
om det er aldri så gale, er det godt for no'!

Trøllegutane ⁽³⁾

Det va to høge nutar, der budde to trøllegutar
Trøllevatnet unde nutane låg, gutane nedpå vatnet såg
Der såg dei Tomas Lange, at han ville fiskjen fange

Da ropa den eine guten, te den andre i trøllenuten
Må eg få låne gryta di? Hott vi du med den, då?
Eg vi steikje han Tomas Lange, som alli heimatte vi gange

Ja, du gryta mi låne må, viss eg skovune av deg får
Å nei og nei og nei! Førre du fær skovune, ska eg steikje
han på glør, fe skovune er dei beste

Å det va han Tomas Lange, han heimatte frå vatnet sprange
Te Trøllevatnet han kom alli meir, for trøllegutane va so vrei
Han va redd han i gryta landa, fe fiskjen han der hae fanga

Eg og du sa'n ⁽¹⁾

:/: Eg og du sann, du og eg sann :/
Eg ser på deg sann, og du på meg sann
eg på deg sann, og du på meg sann
Tralla...

Kjeringa med staven ⁽²⁾

Kjeringa med staven, høgt uppi Hakadalen
Åtte potter rømme, fire merker smør
So kinna Kari, Ola hadde før
Kjeringa med staven

Kjeringa med sleiva, sat høgt uppi kleiva
Og so vart ho vare jutelyden då
Jammen va' det kara før i verda og
Kjeringa med sleiva

To av fleire stev som handlar om kjeringar av ymse slag. Kjeringa med staven – ho kinna med stavkinne, og var ikkje så nøye med å måle rett den rømmen ho nytta. Slik gjekk mykje i eiga lomme av inntekta som kom inn.

Jutelyden det står om i andre stevet handlar om når vårløysinga kjem, og dei lange issvullane som heng ned langs bergveggane drøs ned. Dette gir ein veldig sterk lyd. Dei sa at da gjorde jutulen (trollet) reint til våren.

Sull lull ⁽²⁾

Sull lull liten tull, tru me hae stugo full
av slike ørsmå jentu / av slike ørsmå guta

Sulla lulla barne,
Grauten stend i fate
Liten kopp åt båne

Litevetta smør uti
Det ska Levor røra i
med den vesle tvåra si

Reven sat i sæte, hørde lambe læte
Gråt ikkje du, vesle lambet mitt
Eg ska fylgje deg vegen
heimatt te mor di
Nei, nei, det gjere du ei
Du bite meg i bogjen
So bere du meg på skogjen
So leggje du meg på ein liten stein
Og gnagar utav mine små bein
Og da måtte mora mi gråte



mann og kjeringa som var bedne i gjestebod ⁽²⁾

Malla Soterud fortel.

Det va ein gong ein mann og ei kjering som budde isammens. Og så va dom bedde i gjestebod. Men så hadde dom ei ku som dom måtte passe på. Så begge konn'kje reise i gjestebodet. Men så fant kjeringa på ei rå ho. Ho konne rope te fjelle' og spørja håkken skulle reise. Og ma'n skulle spørja fyst. Og han ropa: «Ska eg i gjestebod, hell ska eg vera heime»? «Vera heime!» svara fjellet. Og så skulle kjeringa rope: «Ska eg vera heime hell ska eg te gjestebod?» «Te gjestebod!» Så kom ho te gjestebod, da.

Pål sine hønur ⁽²⁾

Pål sine hønur på haugen utsleppte, hønune lett ivi haugen
sprang

Pål kunne vel på hønun fornemme, at reven va ute med rova
so lang

Klukk, klukk, klukk – sa høna på haugen, Pål'n sprang og
vringde med augom

No tor eg ikkje koma heim åt ho mor!

Å ikkje åt ho mor, og ikkje åt'n far, å ikkje åt ho syster og
ikkje åt'n bror

No må eg reise frå heile den gard

Trallalalla...

Eg va liten ⁽¹⁾

Eg va liten, sat ved åren, mang ein myrke vinterkveld
Varmt i stoga, va som våren, tyri brann så ljost på eld
Katten sat i benkjen dubba, va so glade at han mol
Bestemor ho sat og rugga i sin gamle kubbestol

Bestemor ho va so gilde te fortelja meg eventyr
Bar' ho ville, bar' ho ville, kunn' ho tala om alle dyr
Og om nykk og troll i nutar, om fortrolla slått og møy
Og om sterk' og spreke gitar som slo troll som ljåen høy

Å trolli – eg toss eg såg det. Innonder bordet der låg det.
Med armar lange og mange. Eg toss dei ville meg fange
Men so kom den vesle guten, og kløyvde heile nuten,
så trolli brast midt i to!

Det er veldig mange vers på denne visa som er dikta av John Lid, men her er berre få med. Tonen lærte eg av Tarkjell Tveiten, Tuddal. Etterslengen lærte eg av Aslak Brekke, Vinje.

Dei tri tjønnane i Trøllebotnen ⁽²⁾

Malla Soterud fortel.

I Trøllebotn på Seljordsheia ligg det tri små tjønnar tett innte vegen. Dei e brådjupe og kølsvarte så dei lignar på gamle bekkjelar, der dei ligge inniklemt i møllom berghamrenne. Der e øde og stilt, men når det bles og regner hardt så bølgyar det på vatnet så at det sprutar oppover bergsidune. Og dessan tjønnenne dei heiter Jønntjønn, Smørtjønn og Kjeringtjønn.

Og følk på heia, dei sie det at dessan namna har dei fått etter ei foronderleg rar kjering som budde ein stad der oppe som heitte Gagnås. Og ein kveld fekk ho det fær seg at ho ville te

Dale og stæla smør. Fær ho hadde ikkje smaka smør på nokka vikur. Så da vill ho a'stad og få tak i smør. Og ho tok med seg ein sekk onder armen og drog a'stad. Og ho va så tørr og mager at ho kasta mest ikkje skuggje av seg der ho lista seg fram over tranebærmyrenne. Og det rikta og knirka i heile skrotten hennars når ho krabba over vindfelltre, og for i gjennom vierkjerr og breskekjerret.

Men da ho kom te Dale så va ho heldig, fær der fant ho nykkjilen te stølbua onder hella. Og ho leste seg stillt inn. Og der inne i mørkret såg ho ut akkurat som det va ein tom svart stakk som åla seg fram i møllom mjølbylir og fleskekjer. Og ho sprikte på fingenn, og dei va så tunne at dei va akkurat som tindenne på ei grautegrøtre. Og ho trevla høgt og lågt. Og oppi ei hylle stakk ho fingenne sine borti eit stort smørstykki. Og det tok ho. Og nedi sekken med det svintare hell svint. Og da blei kjeringa i slikt godlag at ho tralla og sang høgt fe sjave seg. Og når ho skulle lese stølbudynna, så ramla ho og skramla

med nykkjilen. Og i dennan levena hennars så hadde Dalema'n vakna og kom farands og ropa «E're følk her?». «Naei», svara kjeringa. Og så tok ho ut med stølbunykjilen i den eine hånda og sekken med smøret i den andre. Og ho sprang som et tørka skinn a'stad. Og Dalema'n etter.

Og da ho kom te den fyste tjønna, så kasta ho stølbu-nykkjilen langt uti vatnet. «Her e den!» gaula ho, og så sette ho på sprang igjen. Og Dalema'n sprang etter som ein kvennekall. Men ho flaug så at ho låg flat over myrenne. Og da ho kom te den andre tjønna, der kasta ho sekken med smøret uti, så at vatnet spruta. «Her e det!» remja ho, og så a'stad igjen. Og ma'n tok etter hårluggen hennars, men ho for a'stad som ei vindkule, og over et vierkjerr, og rende i veg. Og ma'n sae seinare at'n hadde aller sprungje så fort i sitt liv før. Og da ho kom te den trea tjønna, da va ma'n så nærme ho at'n rakk borti stakkskanten hennars med fingertuppenne. Men da gjorde kjæringa et rondkast, og stuppa seg uti



tjønnet. «Ta meg nå!» remja ho. Og ma'n stod der og såg at ho sakk som ein stein. Og vatnet spruta oppover lienne.

Og med ma'n stod der og stirde, så kom der opp or vatnet ei stor svart fiskeand, som flaug med tunge, våte vengeslag innover dei store mørke skogenne i Trøllebotn. Og da blei Dalema'n så livende redd, fe nå skjønna'n at'n hadde vore ute fær noko unaturleg. Så han sprang heimatte te Dale så fort'n grædde. Men hvern gong når det bryggjar opp te uvêr på Seljordheia, så kjem det flaksans ei stor svart fiskeand som flyg lågt over tjønne og skrik nifst og uhyggeleg «Her e den!» «Her e det!» «Ta meg nå!». Og følk på heia trur fullt og fast den dag i dag at det va et skrømt Dalema'n hadde kappsprungje med. Og tjønne ligg der den dag i dag, slik som da.

Bukken oppå Elias topp ⁽²⁾

:/: Bukken oppå Elias topp :/
Der fant den seg en fåreflokk
Killebukken min... Bææææææ

:/: Bukken oppå Elias fjeld :/
Der falt den ned og slo seg i hjel

:/: Hva gir du meg for bukkens skjegg :/
Jeg gir deg en tønne med egg

:/: Hva gir du meg for bukkens horn :/
Jeg gir deg en tønne med korn

:/: De bredde på bukken den kappen så rød :/
Og det gjorde de for bukken var død

:/: De bredde på bukken den kappen så hvit :/
Og det gjorde de for bukken lå lik

:/: Opp stander bukken og ristet sitt skjegg :/
Så hoppede og sprang den på femte vegg

Denne visa nytta dei når dei gjekk julebukk. Dei spelte visa som eit lite spelstykke. Den som gjekk fyrst i fylgjet hadde eit geitehovud, og ei lang kappe. Hovudet var sett på ein stokk som kunne gjere det høgare. Framleis blir visa nytta, m.a. i Valdres. Og eg har nytta den i eit prosjekt der vi laga masker og hadde julebukkrei på slutten av dagen for skuleklasser i Bø.

kan'kje du'n ⁽³⁾

kan'kje du'n, so
kan væel eg'n.
kan du'n bæere,
so læer du meg'n

Hippe happe ⁽³⁾

Hippe happe vi' du svå
ska du få kjøtt og kål
i kongens gård
og fire Shilling attpå
(Seljefløyteregle)

Dei to kråkene ⁽³⁾

Det sat to kråker på kvar sin gardstaur, og skarra og snakka til kvarandre. «Dau sau i kjerre. Dau sau i kjerre», sa den eine. «Va'n braa, va'n braa?» sa den andre. «Feit som spik, feit som spik», sa den fyrste. «Diit ska eg dra, diit ska eg dra», sa den andre. «Att baare skankane, att baare skankane!» sa den fyrste. Dermed letta dei på vengene og strauk sin kos.

Høna, katten og gåsa som budde i lag ⁽²⁾

Malla Soterud fortel

Det va ein gong ei høne, ein katt og ei gås som budde isam- mens. Og ein dag sae høna: «Nå har me'kje meir mjøl. Så nå må nokken a' stad og få tak i kønn, så me fær kammå på mølla og mala kønn te mjøl». «Ikkje eg!» sa katten. «Ikkje eg!» sa gåsa. «Nei. Så fær eg gå sjøl, da», sa høna. Og ho for a' stad og kom atte med. Og da ho kom heimatt, så sae ho det at «nå må nokken reise på mølla og få mala kønnet». «Ikkje eg!» sa katten. «Ikkje eg!» sa gåsa. «Nei, så fær eg gå sjølv, da», sa høna. Det va ho som va den flinke. Å ho reiste a' stad. Og da ho kom heimatt med mjølet, så va det spørsmål om håkken som skulle baka det til brød. «Ikkje eg!» sa katten. «Ikkje eg!» sa gåsa. «Nei, så fær eg gje'r det eg, da», sa høna. Og ho baka. Og da ho va ferdig med det, så va det spørsmål om håkken som skulle eta det. «Det vi eg!» sa katten. «Det vi eg!» sa gåsa. «Nei, det gjer eg», sa høna, og så åt ho opp brødet.

Eg e liten eg ⁽³⁾

:/: Eg e liten eg, men eg vågar meg

Det e mindre enn meg som har våga seg :/:

kråkevisa ⁽³⁾

Å mann han gjekk seg i veaskog

Hei falei, ja i veaskog

Der fekk han høyre ei kråke som gol

Det dona i lunden falaleia

Å mann kom heim og klaga seg

Høyre du fuglan sjunge?

Eg trur no den kråka vil drepa meg

Deromdei, deromdei

Detta livet er sprunge

Å kjære mann du tålå'kje skam

Høyre du fuglan sjunge?

Har du høyrte noko kråke ha drepe ein mann?

Deromdei, deromdei

Detta livet e sprunge

Men mann han spende sin båge for kne

Hei kom faderi-raderi-ra

So skaut han den kråka so ho datt ned

Faderi-raderi-raderi-ra

So tok han den kråka og lemma ho sund,

So va det so li so langt so lei

Ho vog innpå femten og tjuge pund

So va det so li so langt so lei

Av augo gjorde han kyrkjeglas

Hei fali og fala-leia

Det glima og skein og va' te stor stas

Det dona i lunden falaleia

Og da det så ikkje var meire å ta,
hei fara, var meire å ta
Da reiste den karen te Amerika!
Hei fara falturilturaltura

Få viser lever i så utallige variasjonar både i tekst og tonar som denne. Siste verset her er dikta av Lillebjørn Nilsen. Dei fyrste to tonane har eg lært av Aslak Høgetveit, Vinje og av Kristian Aasmundstad, Ringeby.

Hanen og reven ⁽²⁾

Det var ein gong ein hane som stod på mottingen (møkka-haugen) og gol. Og så kom reven. «Du gjel vent, du!» sa reven. «Ja, noko», sa hanen. «Men du gjel ikkje så vent som far din hell», sa reven. «Å? Hoss for han da?» sa hanen. «Å han lae att baa augun og gol, han», sa reven. «Eg kan'a det eg au!» sa

hanen. Og så blunda han og gol. Og da tok reven hanen, og reiste av at ei lind og ville eta han upp. Men så sae hanen dette med (til) reven: «Du e'kje så takknemleg fe maten, du, som far din». «Hoss for han da?» sa reven. «Han la i hop labbane og las fe maten, han». Så la han i hop labbane sine og ville lesa fe maten, reven. Og da fauk hanen opp i lind. «Ein, too, triii», sa hanen. «Hotte e det du regnar?» sa reven. «Det e skyttarar som vi koma og skjote deg», sa hanen. Så flaug reven det fortaste han kunne, og hanen slapp heimatt.

Reven sat i sæte ⁽³⁾

Reven sat i sæte, hørde lambelæte
Kom te meg du vesle lam, eg skal sei deg vegen fram te mor di

Nei, du gjere ei, du bite meg i bogjen
og drege meg på skogjen

So legge du meg på ein liten stein
So gnagar du av mine småe bein
So dillar du med rompa
So kjem skyttaren skyte deg
So dette du hovudstompa

På Tutlamoen ⁽³⁾

På Tutlamoen der skodde dei Bronen
der sette dei under den neversolen
Hott fekk du der?
To tunnbrauleivar og lite smær

Lindestuven ⁽²⁾

Sannsynlegvis er dette eventyret dikta av Jørn Telnes. Eg har funne det i Telnes Skrifter, gjeve ut av Rikard Berge. Å rise er

å hente kvistar med knopp på til fôr til dyra. Det var vanleg å gjera i vårknipa før, når det var lite anna fôr att.

Det var ein gong ein gut som var borte og risa i flekkesnjoren om våren. Med han stod og braut riset av ei bjørk, kom der ei svartsidut koll og åt av riset honoms. «Å, stakkars deg. Du e nok solten, du», sa guten, og lae noko mjukt ris bort til han. Som han stod og braut, gloste han bort på kollen atte. Men burte var han, og burte blei han. Og ikkje kunne han sjå fari etter han i snjofennane i kring heller. Då blei han forundra. «Ja. Det va no ei tussekyr au, det», sa han.

Då guten kom lenger opp i lii, kom han til ein stor lindestuve, med ei gild krone og mjukt ris. «Der sko eg få meg mykje og godt ris», tenkte han. «Kjære, brot ikkje av kvistane mine», sa det i lindestuvven. «Å nei, eg tek ikkje det. Eg kan finne ris anna stad au, eg», sa guten. Og så snudde han seg, og ville bort til ein siljustuve som sto ende burtafe. Då tok der til å spela ei munnhorpe inni lindestuvven. So vent hadde han

aldri høyrte noko munnhorpe låte før. Den eine visetonen blei ikkje den andre. Og han kunne åskylje ordi au. Det var Åsmund Fregdegjevar, Haugebonden, Lillebror, Olav Liljekrans og mange fleir.

Med han stod slik og lydde, gådde han ikkje at før det kom ei gamal kjering ut av lindestuven. «Du sko få to gode ting av meg du», sa ho. «Fe du gav kyre mi ris, og inkje ville brjote kvistane av lindi mi». Dermed so tok ho upp otor stakkelomma si ei munnhorpe og eit lauvstaup av sylv. Staupet slo ho fullt av ein svarbrun drykk, som ho slo ut av ei sylvkanne. «No sko du drikke ut av det staupet», sa ho. «So sko du få eit enno betre hjarta hell du heve. Og so sko du lære å spila på denne munnhorpa au», sa ho. «Dette staupet sko allstødt vera fullt fe dei som trur på det. Og den horpa sko allstøtt gjeva ein ven tone og ei ven vise kvar gong ho blir spila på». Ja, guten tok i mot staupet og drakk, og sende staupet tilbake bakars. Og takka. «Der», sa ho, og so rette ho honom staupet

og munnhorepa. «Du må hava dei, du. Du e så godskleg og unaleg ein gut. Dei sko'kje gjeva deg korkje rikdom eller fatigdom. Men du sko få mange vener. Det sko vera ei ættegåve». Guten takka og let vel. Og så reiste kjeringi inn i stuven att.

Guten blei seinare ein god diktar. Og skog og fjøll stod og bukka og smilte imot honom. Alt han såg blei mykje venare etter den dagen. Og folk og dyr heldt av honom.

Fjellmannjenta ⁽¹⁾

:/: Fjellmannjenta oppunde li :/
Drikk og dansar, renne på ski
Fjellmannjenta oppunde li

:/: Fjellmannjenta oppunde ås :/
Drikk og dansar, men smeller i lås
Fjellmannjenta oppunde ås

:/: Snillaste jenta ho va fin :/
Ho åt upp ein geitost, ho stal han te
Skulda på skråta ha pikka han ned
Tore du, torde du seia det?

:/: Finaste jenta burtafe elva :/
Fridde te guten på laurdagskvelden
Torde du, torde du seia det?

:/: Finaste jenta burtafe bakkjen :/
Fridde te guten med serkjen på nakkjen
Torde du, torde du seia det?

Fillevernen ⁽⁴⁾

Jon Elling Buen Garnås, munnharpe



Lille måltrost ⁽¹⁾

Tekst: Alf Prøysen. Melodi: Knut Brodin

:/: Lille måltrost, lille måltrost, hvorfor er du så glad? :/
Jo, fordi jeg har rede som ingen vet av
Langt inni skogen den grønne

:/: Lille måltrost, lille måltrost, hvorfor strever du så? :/
Jo, fordi jeg må finne litt mat til de små

:/: Lille måltrost, lille måltrost, har du tre eller to? :/
Jeg har to som er flinke og en som er god

:/: Lille måltrost, lille måltrost, vil du hilse fra meg? :/
Ja, i kveld skal vi synge en vise om deg

Tre sullar ⁽¹⁾

So set eg meg på sullarkrakk
Og sullar båne mine
Far skå sulle båne sitt, so det skå ikkje grine
Skunda deg du jente, lat'kje båne vente
Hav på sokkar, hav på sko, gakk i fjos å mjølke ku
Gjev so båne drikke

:/: Sull lulla lite ban, sull lulla banet :/:

:/: Sull lull, lulla lull, sula lulla banet :/:

Sov mi søte sulle, gjevare hell gullet
Bli lik snille Papa din
Han e fulla guten sin
Han låg au i tulle

Tri bårsullar, den fyrste lært av Aslak Høgetveit, den andre er etter Magnhild Almhjell, Nordmøre, den tredje er eit vers frå Jørund Telnes si vise «Anne sit heime og sullar fe båne», som handlar om da far til Sterke-Nils var ute i krigsteneste, og Anne var heime med vesle Nils og dei andre barna. Den har eg lært av mor mi.

CD 2

Fuglen sat på bjørkekvist ⁽²⁾

Fuglen sat på bjørkekvist,
song i marsemåned
Denne jenta/guten, trur eg visst,
blir det beste båne



Sullarguten gjekk og sulla sine fe ⁽²⁾

Ingvill Marit syng. Lindeman skreiv ned denne melodi-varianten etter Lise Finkenhagen i Hjartdal i 1851.

Å sullarguten gjekk og gjette sine fe
Så kom der ei skjønn jomfru og sette seg der ned
Å hør du min sullargut, spel tavlebord med meg
Nei, eg har ikkje raude gull å sytjå upp mot deg

Så sett du inn din gamle hatt, om den e noko grå
Så sett eg inn mi perlesnor, sjå om du kan' o få
Den fyrste gullterning ivi tavlebordet rann
Og sullarguten tapte og skjønn jomfruva vann

Så sett du inn di kappe med raude gullband på
Så set eg inn min Abelgrå, sjå om du kan' n få
Den andre gullterning ivi tavlebordet rann
Og sullarguten tapte og skjønn jomfruva vann

Sett inn dine hosur og dine ferdasko
Så set eg inn elt det eg har, mi ære og mi tro
Den trøa (tredje) gullterning ivi tavlebordet rann
Og jomfruva tapte og sullarguten vann
Sju skip i Østersjøen det skå eg gjeva deg
Om du vi gje attende det som du vann av meg
Sju skip i Østersjøen, det fær eg hår eg kann
Når bære eg fær jomfruva som eg med terning vann

Jomfru maria gjekk framan strande ⁽²⁾

Jomfru Maria gjekk framan strande. Så såg ho ein fisk på kvite sande. Så sa ho: «Å, du deilige fisk i vannet». Så drog flyndra kjeften skeiv, og hermde etter henne. Då blei Jomfru Maria harm, og sa: «Gjev at kjeften din slik måtte stande». Og sidan har flyndra vore skeivkjefta.

Lussinotte ho e lange ⁽²⁾

«Lussinotte ho e langeeee», sa kyre

«Ho e som tvæ-æ-æ-æ» sa bøkåren (væren)

«Hoen fare hott ho e-e-e-e», sa geita

Hjuringjenta som blei lei (Horre gjorde du av sauene) ⁽²⁾

Magnhild kved ei vise ho har lært av mor si, Ingvill Marit.

Horre gjorde du av sauene

du veslemor, du veslemor

Den gjekk seg ivi haugen

min truvalutt, min taviltott, min tiltomtei

og fær eg noko drikke, så kved eg enno meir

Horre gjorde du av kyre

Den gjekk seg ivi myre

Horre gjorde du av stuten

Den selde eg te futen

Horre gjorde du av hesten

Den selde eg te presten

No hev eg fengje drikke, no kved eg aldri meir.

På sullarkrakk ⁽²⁾

Ingvill Marit syng ein bånsull Lindeman skreiv den ned etter Tomine Finkenhagen i Hjartdal i 1851.

(Eg) sette meg på sullarkrakk, og sulla båne mine

Eg skå sulle båne mitt, så inkje det skå grine

Skonde deg du jente, lat inkje båne vente

Hav på sokka, hav på sko, gakk i fjose å mjølke ko

Gjev så båne drikke.

Jenta på Lauvøy ⁽²⁾

Jenta på Lauvøy, kjenner du den?
Riste på stakkjen, gjorde so ein sleng
Upponde' himlingje (taket), og ned att igjen
Sudlumadeia...

Du laug og du fjåsa, du narra meg du
Amtmann som presten, og eg e som du!
Sudlumadeia...

Desse to små slåttesteve har Magnhild lært av si mor, og ho av meg og eg av mi mor, som heitte Margit og var fødd i Tuddal. Jenta på Lauvøy (i Heddal) var god til å danse halling og underhaldt visst gjerne når det kom gjester til gards.

Han fann seg att under Ålandsåsen ⁽²⁾

Han fann seg att under Ålandsåsen
So vondt i hovudet, våt og frosen
Han hae tenkt det i heile gjår
men hae gløymd lese Fader Vår

Jomfru maria gjekk i skogen ⁽²⁾

Jomfru Maria reiste i skogjen med ni hengde nyklar. Og leste inn alle klodyri i skogjen. Ulvetonn, bjønn og ramn. Berre ikkje buhunden den gode.

Hei Broselli, hei Broselli ⁽²⁾

Hei Broselli, hei Broselli
Kvi lokka du jenta so langt nord i fjelli?
Fjelli og fjelli

:/: Va' det'kje du som leika med Guro? :/
Fysste i loftet og sea i buri, og so i heile gjestebodshusi?

Bånsullar frå Gudbrandsdalen ⁽¹⁾

Mor, mor, mæte
Ho styrde meg av skulle gjæte
Far han gav meg bjønnespjut
Eg skulle jaga alle bjønnane ut
So for eg uppette' myri
Jaga vekk alle dyri
Sume sto og hengde på lyar
Ingen turde bjønnen drepa
Jenta ho gjekk seg uppå ei hå
sto på ein stein og stuta
Fær eg ikkje guten eg hadde i fjor
slær eg sund både dåsen og pipa
Blanke dåsen og messingpipa

Fær eg ikkje guten som eg lika
slær eg sund både dåsen og pipa!

Såg du noko te Grinuska mi
Langt borti lia, i lia
Svart hatt, rau' stakk
Liti, gamal og låghalt

Litol e e og liten er du ⁽³⁾

Litol e e, og liten e du
Og småe så e oss no begge
Og e det no så, at du vil ha me
so lyt du no ta tå de' skjegge
Fyst du kjem i kyrkja inn
på kne så lyt du no falle
Glåm på presten, tenk på me
og kope så ikkje på andre

Sko Blakken ⁽³⁾

Sko Blakken, sko Blakken, med hammar og tang
I morra ska vi fara den vegen så lang
Sko Blakken, sko Blakken, sko'n væl, sko'n væl
I morra ska vi fara i brureferd

Statt upp / sulli lulli låte ⁽²⁾

Statt upp stutte nubbi stubbi
Molke di ku

Soli skine alt i li
Og endå søve du
Statt upp stutte nubbi slå
Gode lønir sko du få
Ein fudde sekke med finnstrå



Statt upp Mari Styveltryne
Molke du di ku
Sole stend i Dugurdskarde
Enda søve du
di late su!

Sulli lulli låte, sume bonn dei gråte
Inkje grete veslegut
Han sko få den beste kyre me eige
So sko ho på beiti, bli so smellande feite
So sko ho molke, firogtjuge holkar
Fult upp i rynjur og sponn
Tolv trog i måli
So sko me kinne alt det me vinne
So sko veslegut få smer
det bli' godt fe båni.

Som Vinden i Varme Sol ^[2]

So var det ein mann. So kom han på at han trudde kjeringi ikkje totte gildt i honom. Og so spurde han henne, om ho heldt av honom? «Å, ja», sa ho. «Kor mykje?» sa han. «Som vinden i varme sol», sa ho. «Åh. Held du ikkje meir av meg, so vil eg ikkje vera i hop med deg», og så ferda han seg til å reise. So gjekk han upp nokre bakkar, så bratte og tunge. Og her var so varmt! Då han kom upp i liene, var han so sveitt og heit at han ville mest bråne. Då møter det honom så sval ein vindgust.

Aldri hadde han kjent noko so godt, totte han. «Å-hå!» tenkte han. «Held ho so mykje av meg, so er det nok ikkje slik at eg bør reise». Og so vende han heimatt, og so livde dei i hop i alle sine dagar.

Lengt ⁽²⁾

Tone/tekst: Knut Buen

På kammerset er bøna bede
og Bestemor har sagt godnatt
Men frå gamlestugo nede
ber dei tonar banehugjen batt

Det spela unde slitne plankar
det trampa takt i slåtte ljom
Eg kjenner att dei same tankar
når fela let i løynde siderom

Da kjem den att den same spaning
imellom her og dit eg trår
Å spela er ei evig aning
ut av noko som eg aldri rektig når

Ola Glomstulen (Å kjære mi Kari gjør pølsa bra feit) ⁽²⁾

:/: Ola Glomstulen han hadde så lang ei brureferd :/
Den nådde fra Solum te Graaten hos Blær.
For i morra ska Ola Glomstulen gifta seg

:/: Ola Gromstulen han hadde ei gamal grå geit :/:

Å kjære mi Kari gjør pølsa bra feit

:/: Ola Glomstulen han hadde ei halv skjeppe malt :/:

Å kjære mi Kari du bryggjar vel alt?

Skjemtevisa om Ola er dikta fyrst på 1800-talet, og fortel om kor han budde (eigentleg Gromstulen), og at han var kjent for å overdrive noko mykje det han fortalte om. Visa blei kjent både her i landet og naboland. Så kjent blei han da i alle fall!

Heimemusi og skogmusi ⁽²⁾

Heimemusi og skogmusi dei va to systrer. Og so seier skogmusi til heimemusi: «Kom no til meg i joli, so skal du sjå kor vel eg liver». Og so stelte ho til jol. Ho fann ypsedryp til øl og steinmose til braud. Og så kom heimemusi. «Å ja, men syster. Tykkjer du ikkje eg liver vel?». «Å nei, men syster. Liver ikkje du bestom vel?» sa heimemusi. «Men kom no til meg ei onnor jul, so skal du få sjå eg og liver vel». Og so stelte ho til jol. Ho va ned i kjellaren og fann seg lefsemuldrur, og kjøtmuldrur og lågjen i dunkane og fann seg øl. Og så kom skogmusi. Og dei til å eta og drikke av alt det heimemusi hadde stelt til «Å ja, syster, liver ikkje eg vel?» «Å jau, men syster du liver no vel heller vel?» Men so blei skogmusi so drukkjen at ho tok til å kveda. «Å gode syster, du må'kje kvea, her e so hard ein fut». «Gak der ingjen fut e, gak der ingjen fut e» kva' skogmusi. Og so kom katten, og beit hovudet av henne. Men heimemusi, ho var kjend, og smaug av inn i holet sitt. Og so slapp ho.



Tor Baggje ⁽³⁾

Tor Baggje batt upp sitt hoseband
– Piriom
Han ville reise seg te fluguland
– For i duridaria diari saria dipiriom

Tor Baggje reiste seg til fluguland
Der trefte'n flugu i eit mjølkespann

Kons bryllaup det ska'kje bli stort
For det skal stande på ein hestelort

Det stod så lystig eit brurehus
der dansa loppur og der kruka lus

Det blei slik leven på dei bryllaupsfolk
Tor Baggje datt uti ein tjyruholk
Å flugu sette seg med sut og gråt
Eg har aller høyrte slik ein fillelåt

Tor Baggje er ein variasjon av den meir kjente Tordivilen og Fluga, som blei gjort landskjent gjennom Alf Prøysen si innspeling. Båe er henta i Telemark, men denne visa finst mange andre stader også.

Ikonn han gjekk på vollen og slo ⁽¹⁾

Ikonn han gjekk på vollen og slo
Høyrde du hoss det snørde
Skjæra lesste, kråka drog
Og vesle pusekatten han kørde

Kjetta sette upp veven sin ⁽¹⁾

Kjetta sette upp veven sin
med lange nasar og vrange
So vevsta ho i både stikkur og strå
so lot ho den veven gange
Hanen fekk både bukse og kufte
Og høna fekk ein geire
Og kjetta sjølv fekk ein nasaklut
og so rokk ikkje veven meire

me rodde frå moen te munkøya ⁽¹⁾

Me rodde frå Moen te Munkøya
so høyrde me det tromma på Tromøya
Og det va vesle Jon unde skinnbløya
Han sat der og sov inni skinntøya

Bindevise ⁽¹⁾

Tekst: Claus Frimann

Så knytter jeg tråd
så øver jeg hånden i kvinnelig dåd
ved hånden at henge man blive så trett
ved hånden at røre går tiden så lett
Jeg knytter ei silke, jeg knytter ei gull
min tråd er av ull, min tråd er av ull

Min ullende tråd
når vinteren bruser, skal varme min fot
med intet på stikke, med intet på ten
så mangen må skjelve på islagte sten
Gud se til de stakkar som nakne og blå
i snevannet går, i snevannet går

Jeg knytter kun tråd,
jeg knytter ei bånd av ugudelig råd
Vik langt fra mitt hjerte du mørkhetens ånd
som lærer at binde bestikkende bånd
Skal mennesket binde for menneskets barn
et fangende garn, et fangende garn

Min knyttede tråd,
meg minner om livet, mitt liv er en tråd
hver maskekledd stikke, en fullendte dag
hver maske, hver knute, et pulsåreslag.
Når livet har ende, o Gud i din hånd
annam da min ånd.

Hei og hå kva e klokka no ⁽²⁾

Hei og hå, kva e klokka no
No e soli gladd av åne (elva), av gråne
Av kruskatoll, av spelemannsknoll, av dansarvoll
Stidde ti, stidde inn, boye

«Sing Lingeling» 2014

*«Kor mange stev hev me att å lære, og kven har skrive tekstane?»
Dei glade og vare jentene – Kristine Dyrland, Gunhild Teigland
Kleivi, Karianne Haustveit Aase, Tårån Øverbø Aarbak og Marit
Kultan – gir deg sang- og livsglede, språk- og tradisjonskunn-
skap i denne filmen.*

*I filmen møter du dei fem barna saman med kvederen
Agnes Buen Garnås fra Bø i Telemark i kulturskolen i Seljord.
Elevene lytter og kveder, spør og lærer i klasserommet på Åmots-
dal skole, en av mange skoler som ble nedlagt sommeren 2013.*

1 – Opptak Bø ungdomsskole ved Vesaas lydkjøkken 2011

Kveding: Agnes Buen Garnås
Perkusjon: Birgit Løkke
Hardingfele: Per Anders Buen Garnås
Dulcimer: Øystein Vesaas
Innspillingstekniker: Nikolai G Vikene.

2 – Opptak Breskelia 2012 ved Anders Erik Røine

Kveding/forteljing: Agnes Buen Garnås
Langeleik, munnhorpe, gitar: Anders Erik Røine
Forteljing: Malla Soterud
Kveding: Ingvill Marit Buen Garnås
Kveding: Magnhild Garnås Haugen

3 – Fra NRK-seien «Hjertekammermusikk» NRK Oslo

Kveding/forteljing: Agnes Buen Garnås
Synth: Guttorm Guttormsen
Fløyte: Harald Gundhus
Ingebjørg Bø og andre born frå Bø og Jondalen, allsong

4 – Opptak Setesdalskappleiken 2005

Opptak ved Harald Knutsen, Agder Folkemusikkarkiv
Munnharpe: Jon Elling Buen Garnås

Lydkulisser, samansetning, mix:

Vesaas Lydkjøkken ved Øystein Vesaas

Mastering: Fridtjof Lindeman, Strype Audio

Produsert av Agnes Buen Garnås og Øystein Vesaas

Filmshot av Agnes Buen Garnås: Virgini Surdej

Foto av musikere: Arne Svalastog

Coverdesign: Inger Staff-Poulsen

Illustrasjoner: Iki design

«Sing Lingeling» (13. min) 2014

Foto: Virginie Surdej

Lyd: Olivier Touche

Regi: Anders Øvergaard og Aaslaug Vaa

Klipp: Anders Øvergaard

Klippeassistent: Espen Nomedal

Screen shot: Virginie Surdej

Filmen er produsert av Villa Lofoten Film/Villa Lofoten as under ledelse av Aaslaug Vaa.

Medvirkende i filmen:

Kristine Dyrland

Gunhild Teigland Kleivi

Karianne Haustveit Aase

Tårån Øverbø Aarbak

Marit Kultan

Agnes Buen Garnås

**Prosjektet er støtta økonomisk av:**

Norsk Kulturråd

Fond for utøvende kunstnere

Fond for lyd og bilde

Lindemans Legat

Telemark Fylkeskommune

Telemark Folkemusikklag

Bø Kommune

Spelemannslaget Bøheringen

Bø Dansarring

Tuddal Spelemannslag

Hjarteleg takk til alle, også til Villa Lofoten as for at vi har fått bruke filmen «Sing Singeling» vederlagsfritt til disposisjon for dette cd/bok prosjektet.

Musikerne Per Anders Buen Garnås, Birgit Løkke, Agnes Buen Garnås og Øystein Vesaas.



TA120CD